

**Fra:** Tone Vatle <tonevatle@gmail.com>

**Sendt:** 18.10.2023 12:51:05

**Til:** Linda Judith Svidal Nordås <linda.svidal.nordas@osteroy.kommune.no>

**Emne:** Støtteerklæring til LivOGLyst-prosjekt på Valestrand

---

Hei, Linda

I samarbeid med Valestrand Ungdomslag, har eg idear til to kjekke aktivitetar me ønskjer å prøva ut i bygda vår i løpet av 2024.

Eg og ei lita arbeidsgruppe har allerede hatt våre første planleggingsmøte, og fann då ut at begge desse tiltaka eignar seg godt til å få støtte gjennom LivOGLyst Vestland.

Eg er no i ferd med å skriva søknad, som må sendast inn innan 1/11 2023.

I søknaden må det framgå at Valestrand Ungdomslag står som ansvarleg organisasjon.

Og me treng ei støtteerklæring frå kommunen, om at den er med på samarbeidet.  
Kommunen skal også peika ut ein person som står ansvarleg for prosjektet

Ideane er som fylgjer:

### **ALLSONG I KONGSHALL:**

Me vil skapa kjekke og inspirerande ettermiddagstreff i bygda si storstove, der alle som kjem er med og syng i lag. Songutvalet skal vera kjent, og så vidtfemnande at det treff noko i alle aldersgrupper. Både born, ungdom, vaksne og eldre.

Det blir med programleiar, forsongarar og eit band med flinke musikarar.

På kvar kveld vil me invitera ein gjest frå bygda opp på scena for ein liten samtale. Desse gjestene skal og bli plukka ut frå fleire aldersgrupper. Gjesten får og ønskja seg ein song.

Me vil ha faste programinnslag: ein liten quiz, loddtrekking på inngangsbilletten, og ein tullete type som blandar seg inn i opplegget. (A la Vaktmeister Trond Viggo)

Me har folk på plass i så godt som alle rollene.

I første omgang ser me for oss to til tre slike arrangement i løpet av 2024, alt etter kor populært det blir. Publikum betaler ein liten inngangsbilletts, og det blir spesialpris for barnefamiliar.

### **MIDDAG I BYGDA:**

Det blir oppretta 4-5 arbeidslag, som kvart har som oppgåve å laga middag til bygda. 3-5 personar pr lag.

Arbeidslaget/sjefen for arbeidslaget bestemmer menyen, og handlar inn det som skal til for å laga middagen. Dei dekkjer bord og gjer det koseleg i salen.

Så vert bygdafolk inviterte til middag, og kan koma i Kongshall og eta innanfor eit visst tidsrom (2-3 timer)

Etterpå tar det same arbeidslaget seg av opprydding og vask.

Dei som kjem, betaler ein sum for maten, og det blir også her barnefamilie-pris.

Me vil prøva å få til at minst eitt av arbeidslaga inkluderer menneske som har flytta hit frå andre stader i verda, slik at dei her kan få visa fram sin eigen matkultur, og bli integrerte i lokalsamfunnet på ein hyggeleg måte.

Dette prosjektet er heilt i startfasen av planlegginga, så me kan ikkje sei noko om kor ofte det blir. Men målet er ca ein gong pr månad.

**Mål** for begge aktivitetane er å skapa meir liv i bygda, å laga gode opplevingar for fleire generasjonar/folkegrupper saman, og bidra til større aktivitet i Ungdomslaget.  
Eg kan visa til arbeidet med å få i gang Julemarknad på Valestrand torg som eit svært positivt og høgst velkome tiltak.

Som ei av jentene som driv Eides Kafe, ser eg og det store behovet for møteplassar i bygda.

Eg håpar det vil gå fort og greitt å få ei støtteerklæring frå kommunen.  
Eg kan sjølv vera den kontaktpersonen det er snakk om.

I denne søknadsfasen er dette, slik eg forstår, den einaste rolla kommunen har i prosjektet.  
Blir prosjektet ein suksess, er det muleg å gå vidare og søkja om å få det inn som hovudprosjekt over tre år. I så fall krevst det og ei økonomisk støtte frå kommunen.  
Men dette vil me evt koma tilbake til neste år.

I første omgang håpar me å kunna få tildelt prosjektmidlar på kr 80 000 som ei støtte til forprosjektet.

Du kan lesa om prosjektordninga her:

<https://www.vestlandfylke.no/narings--og-samfunnsutvikling/distriktsutvikling/livoglyst-for-lokalsamfunnsutvikling/>

Valestrand Ungdomslag står meir enn gjerne som ansvarleg organisasjon til prosjektet.

Eg ser fram til eit snarleg svar frå deg.

Helsing Tone Vatle  
tlf 971 48 540

○

○